



Leidningsgrøfta vart påbegynt frå fjorden i dag (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I dag har Dimmelsvikfirmaet K. Hjelmeland starta arbeidet med grøfta sentralt i Uskedalen og det krev nokre restriksjonar på trafikken fortel Ivar Kåre Døssland i kommunen**

Vegen frå busslomma og ned til skule og aktivitetssenter må stengjast og Døssland håpar at arbeidet skal vera unnagjort og vegen opna att før slutten av neste veke.

Håpet var at grøfta med ledningar skulle vore ferdig denne veka - det vil seie under haustferien - men det var ikkje mogeleg å koma i gang i tide.

Dei som skal til skulen og Aktivitetssenteret må no finna seg i å parkera ein annan stad og så ta beina fatt. Det burde ikkje by på problem for det er parkeringsplassar nok i dei sentrale delar av bygda - til dømes på grusbana.

Av Ola Matti Mathisen